

1. Gebyrregulativ for tenester etter plan- og bygningslova.

Gebyret er fastsett med heimel i Pbl. §33-1.

1.1 Føresetnader for gebyret

Gebyret omfattar sakshandsaming, godkjenning av ansvarsrett for føretak med sentral godkjenning og fyrste gongs førehandskonferanse. Gebyret vert kravd av tiltakshavar.

1.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr, uavhengig av utfallet i saka og om tiltaket faktisk vert gjennomført.

1.3 Tidspunkt for avrekning av gebyr

Gebyret vert utrekna frå det regulativ som gjeld når fullstendig søknad er motteken av kommunen.

1.4 Reduksjon i gebyret ved komplett elektronisk søknad levert via byggsøk.

For komplett søknad levert gjennom byggsøk vert det gjeve 20 % reduksjon i gebyret. For å bli rekna som komplett innlevert søknad skal alle naudsynte vedlegg i pdf-format fylgje søknaden i byggsøk-systemet og søknaden skal vere tilfredsstillande utfylt.

1.5 Fleire tiltak i ein søknad

Ved byggjemelding av fleire tiltak samstundes, skal det reknast gebyr for kvart tiltak.

1.6 Fornyng av byggjeløyve

Vert rekna som ny søknad.

1.7 Søknad om rammeløyve og igongsetjing

Ved søknad om rammeløyve vert det fakturert handsamingsgebyr for heile tiltaket. Dersom det samstundes vert gjeve igongsetjingsløyve skal det ikkje reknast eige gebyr for dette. Elles vert igongsetjingsløyve fakturert som 10 % av fullt gebyr, i tillegg kjem evt gebyr for lokal godkjenning av føretak.

1.8 Bruksendring

For bruksendring der det ikkje vert gjort ombygging skal det betalast 50 % av fullt gebyr for den kategori bygget skal nyttast til. Ved bruksendring der det vert gjort ombygging skal det betalast etter satsane for ombygging for den kategori bygget skal nyttast til.

1.9 Anna arbeid

For arbeid som ikkje er nedfelt i gebyrregulativet, og for arbeid som skal fakturerast etter medgått tid skal det nyttast **timepris på kr 870**. Meirverdiavgift skal leggjast til.

1.10 Ekstraarbeid ved pålegg etter plan- og bygningslova kap 32

Ved pålegg etter plan- og bygningslova kap 32 vert arbeid fakturert etter medgått tid. Minimumssats er 2 timar. Gebyret vert fakturert adressat for pålegget.

1.11 Ufullstendig søknad

Ekstraarbeid ved ufullstendig søknad vert fakturert etter medgått tid. Gebyr for mangelbrev for tiltak med ansvarsrett vert sett til kr 500 pr brev.

1.12 Tilsyn

Tilsyn vert gjennomført for tilfeldig valde prosjekt kvart år, samt prosjekt der kommunen har fått klager/meldingar om awik. Gebyr blir fakturert etter medgått tid som eit tilleggsgebyr til ordinært byggjesaksgebyr. Ved behov for innleige av sakkyndig bistand vert kostnaden med dette innkravd frå tiltakshavar.

1.13 Opplysningar til meglar

I samband med sal av eigedommar er meglar pliktig å innhente opplysningar om eigdommen. Slike førespurnader til kommunen medfører ein del arbeid. Arbeidet blir fakturert etter medgått tid, til ein timepris på kr 870. Gebyr pr førespurnad er minimum kr 1 740,-.

1.14 Urimeleg gebyr

Dersom storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og kostnader kommunen har med saka, eller gebyret av andre grunnar er urimeleg, kan kommunen fastsetje passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

1.15 Klage

Storleik på gebyra (gebyrregulativet) er fastsett av kommunestyret, og dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. Kap. VII i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

1.16 Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift på gebyr for teneste etter gebyrregulativet, med unntak av gebyr etter medgått tid.

6.15 Gebyrsatsar

Gebyrsatsane er jamnt over auka med 3 % runda av til næraste 100 kr/10 kr. Gebyra som står i kursiv er ikkje endra. Einskilde gebyr (*) er justert vesentleg på grunnlag av erfaringar knytt til arbeidsmengde for dei ulike sakstypene, og samanlikning med andre kommunar.

	GAB	Tiltakkl.1	Tiltakkl.2	Tiltakkl.3
Bustader:				
a) Einebustad og våningshus	111,113	10800		
b) Einebustad med hybel-/sokkelhusvære	112	12900		
c) Tomannsbustad, vertikaldelt og horisontaldelt	121,122	18500	33200*	
d) Basisgebyr rekkjehus, hybelhus, einebustader i kjede, bustadblokk 2 et., småhus med 3 eller fl. bueiningar	131,133, 141,144, 136	10800*	20000*	
Tilleggsgebyr pr bueining		7500	10000*	
Til og påbygg, ombygging pkt. a) – d)				
<50 m ² bruttoareal		2300	4000	
>50 m ² bruttoareal		4000	8000	
m) Bustadblokk på 3 og 4 etasjar	142,145	39500	59000	79000
n) Høgghus/punkthus/lamellhus	143		79800	158000
o) Terrassehus	135	39500	59000	79000
p) Annan hustype	136	39500	59000	79000
Til- og påbygg pkt. m) – p)				
< 50 m ² bruttoareal		4400	7400	
> 50 m ² bruttoareal		8100	10900	
Ombygging pkt. m) – p) < 50 % av tot areal		22200	33200	
Ombygging pkt. m) – p) > 50 % av tot areal		40700	76700	

Andre tiltak på bustad-/næringseigedom

Fasadeendring/vindaug (pr. fasade) Pbl.§20-1 c)		820		
Tekniske installasjonar Pbl. §20-1 f)		2050	3900	5800
Støttemur/innhegning/gjerde/støyskjerm Pbl. §20-1 a), h) og k)		2050	4100*	
Skilt/reklame Pbl.§20-1j) jf. §§11-9/30-3/SAK§4-1nr3		970		
Større skiltplan Pbl. 93g) jf. §§11-9/30-3		2500		
Graving/sprenging/fylling/terrengendring og veg, Pbl. §20-1 k) og l)		2050	4100	8200
Basseng/brønn/dam		2050		
Flytebrygger, mindre Pbl.§ 20-1 a)		2050		
Molo, masseuttak m.m. Pbl. §20-1 a) og k), jf. §30-4		2500	4600	
Varige konstruksjonar, kai o.l, Pbl. §20-1 a) og k)		4800	15000*	20000*

Andre nybygg med ansvarsrett

a) Garasje, uthus, anneks, naust <70 m ² BRA/BTA	181-183	2500	4600*	
b) Garasje, uthus, anneks >70 m ² BRA/BTA	181-183	4400	6300	9500
c) Hytte/fritidshus/seterhus/rorbu	161, 171	7700	12400	
d) Bustadbrakker, anna bustadbygging	193,199	2500	4600	
Til- og påbygg a) – d)		2050	3000	

Industri og lagerbygg

a) Fabrikk eller verkstadbygning utan kontor	211,212	11900	23800	35900
b) Fabrikk eller verkstadbygning m/kontor	211,212	17900	29900	35900
c) Bygning for renseanlegg eller vassforsyning	214,216	11900	23800	35900
d) Kraftstasjon, annan industribygning	221,219	11900	23800	35900
e) Transformatorstasjon/annan energiforsyningsbygn	223,229	2500	3500	
f) Lagerhall, garasjebygg, kjøle- og fryselager <100 m ²	231,239	6700	11900	23800
g) Lagerhall, garasjebygg, kjøle- og fryselager >100 m ²	231,239	11900	23800	35900
Til- og påbygg/ombyggingar a) – g)				
Minimumsgebyr <100 m ²		5200	10400	23800
100 m ² < areal > 1000 m ²		10400	21600	32000
Areal > 1000 m ²		14300	23800	35900

Kontor, forretningsbygg og bygg for samferdsle

a) Kontorbygg og administrasjonsbygg	311	24500	36700	49500
b) Varehus og andre butikkbygg	321	24500	36700	49500
c) Ekspedisjonsbygg og terminalar	419	24500	36700	49500
f) Bensinstasjon	323	24500	36700	49500
g) Anna bygg for kontor-, forr.- el samf.	319,390	24500	36700	49500
Tilbygg- og påbygg pkt. a) – g)				
Minimumsgebyr areal < 100 m ²		5200	10400	23800
100 m ² < areal > 1000 m ²		10400	21600	32000
Areal > 1000 m ²		14300	23800	35900
Ombygging pkt a) – g) < 50% av totalt areal		8500	16200	23800
Ombygging pkt a) – g) > 50% av totalt areal		12300	18500	30400

Hotell og restaurantbygg

a) Hotell	511,519	45000	75000	103000
b) Motell, hospits, persjonat, vandrarheim, appartement	512,521	24800	48800	86000
c) Camping/utleiehytte	524	7700	12400	18500
d) Restaurant, café, kantinebygg, gatekjøkken, anna	531-533	20200	27000	40700
Til- og påbygg pkt a) – d)				
Minimumsgebyr areal < 100 m ²		5200	10400	23800
100 m ² < areal < 1000 m ²		10400	21600	32000
Areal > 1000 m ²		14300	23800	35900
Ombygging pkt a) – d) < 50 % av total areal		8500	16200	23800
Ombygging pkt a) – d) > 50 % av total areal		18300	20200	37000

Bygg for offentleg og privat teneste

a) Bygg for undervisning/forskning	611		45000	90000
b) Sjukehus/aldersheim/sjukeheim	721		62000	98000
c) Barnehagar	612	24500	37000	
d) Omsorgsbustadar		30900	61800	

Bygg for offentlig og privat teneste (forts.)

e) Kyrkje/gravkapell og liknande	671	13500	40700	67700
f) Samfunnshus/forsamlingshus	662		64200	98000
g) Teater/kinobygg	661		64200	98000
h) Idrettsbygg	651		37000	67700
i) Garderobebygg areal < 500 m ²	651	5200	10400	23800
Andre bygg	659		37000	67700
Til- og påbygg a-i: Min.gebyr < 100 m ²		2900	5400	5400
100 m ² < areal < 1000 m ²			21600	31400
Areal > 1000 m ²			23800	37000
Ombygging pkt. a) – i) < 50 % av totalt areal		8600	16200	23800
Ombygging pkt. a) – i) > 50 % av totalt areal		18300	20200	37000

Bygg for jordbruk, fiske og fangst (søkn.)

a) Driftsbygningar	241	11800	23800	
b) Annan landbruksbygning	249	4400	6300	9500
c) Seterhus/sel		2800	5300	
Til- og påbygg a) – c): Min.gebyr < 100 m ²		2050	3000	
100 m ² < areal < 1000 m ²		2800	5300	
Areal > 1000 m ²		5400	10400	
Ombygging pkt. a) – c) < 50 % av totalt areal		2050	4100	
Ombygging pkt. a) – c) > 50 % av totalt areal		4400	7400	

Dispensasjonssøknader - gebyr pr. tilfelle

Formål i plan (utan å sende til høyring)		2050		
Utnytting, plassering, høgde og andre forhold i reg. Føresegnene (utan å sende til høyring)		2050		
Dispensasjon frå reguleringsplan/føresegner som krev høyring/politisk handsaming		7200		
Disp. arealplan og pbl. §1-8 (m/høyring), adm.vedt.		4500		
Avstandskrav, vegopparbeiding		2050		

Frådelingssaker

Delingssøknad pbl. §20-1 m), etter reguleringsplan		2050		
Delingssøknad, utbyggt tomt, tilleggsareal		1000*		

Revidert søknad/tilleggssøknader (mindre endringar)

Basisgebyr		2500	6200	8800
Det skal reknast gebyr tilsvarende 20 % av gebyret for den enkelte bygningstypen, minimum basisgebyr				

Riving

Gebyr pr. bygning		2500	6200	8800
-------------------	--	------	------	------

Førehandskonferanse

2.gongs førehandskonferanse, og ytterlegare konf.		2050	3600	5000
---	--	------	------	------

Godkjenning av føretak, lokal godkj.

Føretaksgodkjenning 1.gong		3800		
Fornyng av lokal godkjenning		1200*		
Sjølvbyggjar; kun eigen bustad m.m.		5300*		

Utomhusplanar/opparbeiding (pr. plan)

Areal < 5000 m ²		3700		
Areal > 5000 m ²		7500		

Søknad utan ansvarsrett

§ 20-2a) Mindre tiltak på bebygd eigedom	2050
§ 20-2b) Alminnelege driftsbygningar i landbruket	2050
§ 20-2c) Mellombelse bygningar, konstruksjonar eller anlegg	2050
§ 20-2d) Andre mindre tiltak	2050

Overtredingsgebyr

Gebyrstorleiken er fastsett i §17-1 i byggjesaksforskrifta
--

Tvangsmulkt

Tvangsmulkt etter pbl. §32-5 vert fastsett i kvar enkelt sak.

Frikjøp parkeringsplassar

Kan berre nyttast der det er tilgang på tilstrekkeleg offentleg parkering. 3 % auke frå 2015
Gebyr pr. plass 44 000